

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 08.05.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Ingvill Skogseth  
**SAKA GJELD:** **Koordinering av luftambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest**

**ARKIVSAK:** 2019/5144  
**STYRESAK:** **050/19**

**STYREMØTE:** **23.05. 2019**

.....

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Helse Bergen får i oppdrag å etablere koordinering og flight following av ambulanshelikopter i Helse Vest.
2. R-AMK funksjonen blir flytta frå Stavanger til Bergen, med bakgrunn i at AMK-LA og R-AMK oppgåvene heng så nøye saman at dei ikkje bør skiljast.
3. Helse Bergen skal opprette eit mottaksprosjekt med nødvendig representasjon frå fagmiljøet. Dette for å gjennomføre ei forsvarleg overføring av funksjonen knytt til koordinering av luftambulansen og flight following til éin sentral i Helse Vest. Det må gjerast ein revisjon av gjeldande prosedyrar i forhold til flight following og koordinering av ambulanshelikopter i Helse Vest.
4. Helse Sør-Øst blir bedt om å følgje opp etableringa mellom AMK Oslo og AMK Bergen slik at AMK Oslo blir reserve LA-AMK for Helse Vest.
5. Lokalisering av funksjonane AMK-LA og R-AMK til Helse Bergen medfører inga endring i pasientstraumar innan akuttbehandling i regionen.
6. Pasientstraumane innan traumebehandling skal årleg ha ein gjennomgang opp mot traumesystemet i regionen.

## Oppsummering

Helse Vest RHF blei i føretaksmøtet 10. januar 2017 gitt i oppdrag å:

*«følge opp anbefalinga om at koordineringa av ambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag vert utført frå éin AMK-sentral i kvar region».*

Det var forventa at dette blei gjennomført i 2018.

Hovudmålet med ei sentralisering er å få betre og tryggare forvaltning av luftambulanse (LA) ressursane i Helse Vest. Det betyr ei meir effektiv styring og fordeling av ressursane og betre fordeling av oppdrag. Sentraliseringa vil også gi betre styring og koordinering i beredskapssituasjonar.

Flight following systemet er primært etablert for å følgje opp helikopteret under avgang, flyging og landing etter etablerte prosedyrar. Dette for å sikre helikopteret og besetninga rask assistanse dersom det skulle inntreffe eit uhell. Systemet ivaretar også informasjonsbehov i forbindelse med koordinering og oppfølging av helikopteret.

Helse Vest oppnemnde ei prosjektgruppe som fekk i mandat å vurdere og tilrå korleis Helse Vest kan gjennomføre kravet i føretaksmøtet om at koordineringa av ambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag vert utført frå éin AMK-sentral i kvar region. Prosjektgruppa har levert ein rapport med tilrådingar som er grunnlag for denne styresaka.

Det er brei semje om at ei sentralisering av AMK-LA til éin AMK-LA sentral i regionen er føremålstenleg. Spørsmålet om lokalisering av funksjonen i Helse Vest er difor det sentrale i rapporten og det som styret må ta stilling til.

I rapporten er dei fire ulike AMK-sentralane i Helse Vest presentert, og det er gjort ei ROS-analyse av å sentralisera AMK-LA funksjonen til éin sentral. Det er også gjort greie for kva det vil innebere å ha flight following funksjonen. Vidare er ulike konsekvensar av å samle funksjonen til ein stad gjennomgått. Til sist er det gjort ei grundig drøfting av kva for ein AMK sentral ein bør leggje AMK-LA funksjonen til. Det er også foreslått eit mottaksprosjekt som kan sikre ein god prosess med å sentralisere AMK-LA funksjonen.

I rapporten er det konkludert med at AMK i Helse Stavanger og AMK i Bergen er godt kvalifiserte til å ivareta AMK-LA funksjonen. Saka har vore til høyring og styrebehandling helseføretaka. Styrevedtaka viser at tre av dei fire helseføretaka tilrår at AMK-LA funksjonen blir lagt til AMK i Helse Bergen.

Hovudproblemstillingane blei presentert og drøfta i styremøtet den 2. april 2019. Saka blir her lagt fram for styret til endeleg behandling.

## **Fakta**

### **Oppdrag**

Helse Vest RHF blei i føretaksmøtet 10. januar 2017 gitt i oppdrag å:

*«følge opp anbefalinga om at koordineringa av ambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag vert utført frå éin AMK-sentral i kvar region».*

Det var forventa at dette blei gjennomført i 2018.

Oppdraget er basert på Rapporten «Sentrale elementer vedrørende AMK-sentralene» frå HOD i 2016. Her blir det anbefalt at koordinering av ambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag vert utført frå éin AMK sentral i kvar region. Det har også i fleire andre rapportar, som evalueringar av terrorhendinga 22. juli og evaluering av helikopterulykka ved Sollihøgda, vore kommentert at ambulanshelikoptera bør koordinerast meir heilskapleg.

Flight following er monitorering og oppfølging av helikopter på oppdrag for å ivareta tryggleiken. Funksjonen inneber å hente inn flyrute og forventa landingspunkt, samt tal på personar om bord ved alle forflyttingar av helikopter. I tillegg inneber det å iverksette nødvendige tiltak dersom kontakt med helikopter blir broten.

Luftambulansetenesta har beredskap for og utfører transport av pasientar og helsepersonell med fly eller helikopter i samband med sjukdom eller skade som krev rask og kvalifisert innsats eller slik transport på grunn av lang avstand.

Akuttmedisinsk kommunikasjonsentral (AMK sentral) er spesialisthelsetenesta sin akuttmedisinske fagsentral for mottak og handtering av meldingar om behov for medisinsk naudhjelp og ambulanseoppdrag.

Regional AMK (R-AMK) er den AMK som det regionale helseføretak har bestemt skal ha eit overordna koordineringsansvar innan regionen. I Helse Vest er denne funksjonen lagt til Helse Stavanger. R-AMK-funksjonen er heimla i Akuttmedisinforskrifta § 14e. Funksjonen inneber å hjelpe dei andre AMK-sentralane ved større hendingar og beredskapssituasjonar. Det er ikkje ytterlegare forskriftskrav eller klare føringar som skildrar oppgåvene til R-AMK. Dette har vore lagt til dei aktuelle sentralane sjølve å definere. R-AMK funksjonen er nøye drøfta i rapporten i kapittel 8.2.3.

AMK-LA er AMK-sentral med ansvar for koordinering og flight following av ambulansehelikopter innan regionen.

Ei prosjektgruppe har vurdert og gitt tilråding på korleis Helse Vest kan gjennomføre kravet i føretaksmøtet. Gruppa har også gitt innspel til praktisk gjennomføring ved oppretting av éin AMK- LA sentral. Rapporten frå prosjektgruppa; *Koordinering av luftambulansehelikoptertenesta og flight following av ambulansehelikoperoppdrag i Helse Vest* er lagt ved, og er grunnlag for denne styresaka.

## Kommentarar

### 1. Kva er Flight following og krav til AMK-LA

Flight following er monitorering og oppfølging av helikopter på oppdrag for å ivareta tryggleiken. Funksjonen inneber å hente inn flyrute og forventa landingspunkt, samt tal på personar om bord ved alle forflyttingar av helikopter. I tillegg gjeld det iverksetjing av nødvendige tiltak dersom kontakt med helikopter blir broten, innanfor skildra kriterier.

Kravet om flight following er heimla i det felles europeiske luftfartsregelverket (EASA) for operasjonar med ambulansehelikopter, samt krav frå Luftambulansetjenesten HF. Alle flyselskap som skal utføre ambulanseoppdrag med helikopter, må ha ei driftsløyving (Air Operator Certificate) og ei spesialgodkjenning frå luftfartsmyndigheita for å utføre denne type

oppdrag. Dette inneber blant anna at selskapet skal ha ein operasjonsmanual som skildrar spesifikke operative rutinar for denne delen av verksemda. Det inneber vidare at selskapet må ha helikopter som er egna for denne type flyging og som har to-vegs kommunikasjon med den organisasjonen ambulansflyging med helikopter blir utført for (AMK). Der det er mogleg skal ein også ha kommunikasjon med beredskapspersonell på bakken.

Flight following systemet er primært etablert for å sikre helikopteret og besetninga rask assistanse dersom det skulle inntreffe eit uhell. Systemet ivaretar informasjonsbehov i forbindelse med koordinering og oppfølging av helikopteret. På denne måten vil AMK-LA til ei kvar tid vite kva område helikopteret er i, samt kven som er i helikopteret. Systemet bidreg også til å dekke AMK-LA sitt behov for informasjon om gjennomføringa av eit oppdrag.

Alle retningslinjer for oppfølging av luftambulanse skal vere kjent og inngå i opplæringa av alle operatørar ved AMK-LA som har ansvaret for å følge opp besetninga. Slik grunnopplæring og re-trening er ein del av den nye avtalen om Kjøp av luftambulansetjenester frå 1. juni 2018. Ansvarsdelinga mellom flyselskapet og den respektive AMK-LA er heimla i lokal Service Level Agreement (SLA).

## **2. Prosess og tilrådingar frå prosjektgruppa**

Det blei etablert ei prosjektgruppe med det regionale direktørmøtet som styringsgruppe. Gruppa har bestått av representantar frå alle dei fire helseføretaka i Helse Vest, konserntillitsvald i Helse Vest RHF, Luftambulansetjenesten HF og operatøren Norsk Luftambulanse AS.

Prosjektgruppa blei i mandatet bedt om å vurdere og tilrå korleis Helse Vest kan gjennomføre kravet i føretaksmøtet. Vidare skulle arbeidsgruppa gje innspel til praktisk gjennomføring ved oppretting av éin AMK-LA sentral, og gjere greie for eventuelle tilpassingar av prosedyrar for AMK-sentralane i Helse Vest.

Prosjektgruppa har gjort ei ROS-analyse av å sentralisere AMK-LA til éin sentral (sjå vedlegg 2 for ROS-analysen i sin heilheit), og har vore gjennom ein grundig prosess i samband med å skildre ulike risikomoment. Det er også foreslått risikoreduserande tiltak. ROS-analyse er

gjort med utgangspunkt i eit hovudmål: «*Betre og tryggare forvaltning av LA ressursane i Helse Vest – Betre fordeling av ressursar, betre styring og betre koordinering av beredskapssituasjonar*».

Sentralt i arbeidet har vore drøfting av moment som er relevante for lokalisering av AMK-LA funksjonen i Helse Vest. I rapporten har arbeidsgruppa drøfta dei momenta som har eller kan ha betydning for valet av lokalisering for AMK-LA funksjonen i Helse Vest. For nokre punkt er arbeidsgruppa einige, mens det er usemje omkring andre. I desse tilfella er ulike syn referert. Det er brei semje i arbeidsgruppa om at ei sentralisering av AMK-LA til éin AMK-LA sentral i regionen er føremålstenleg. Spørsmålet om lokalisering av funksjonen i Helse Vest blei difor det sentrale spørsmålet i rapporten.

I Rapporten er det under overordna føringar (2.2), tatt inn prosjektet Virtuell AMK i Helse Vest. Virtuell AMK (VAMK) i Helse Vest er tenkt som ein felles AMK-sentral der personalet arbeider på fleire stader (Førde, Bergen, Haugesund og Stavanger), men arbeider i eit felles, virtuelt (kunstig) kontrollrom. Formålet med ein felles, virtuell AMK-sentral i Helse Vest er å auke total kapasiteten og kvaliteten til dei noverande fire AMK-sentralane i regionen og få ei meir robust organisering av desse. LA-koordinering var også ein funksjon som blei drøfta og var eit tema i prosjektet V-AMK. Også i dette prosjektet blei det peika på at LA-koordineringa er ei spesialisert oppgåve som bør samlast i eitt miljø. Det blei ikkje konkludert med lokalisering av funksjonen, men fordeling av roller var eit sentralt tema.

Prosjektgruppa har gjennom utgreiingsprosessen kome til at AMK-LA funksjonen i Helse Vest berre er aktuell å tildele AMK Bergen eller AMK Stavanger. Det er grunngeving for dette i rapporten.

Prosjektgruppa har ikkje klart å komme til semje om AMK-LA funksjonen bør leggjast til Bergen eller til Stavanger. Begge sentralane er vurdert robuste nok, og gode nok til å inneha funksjonen når ein ser på fagmiljøet rundt AMK-sentralane, og når ein vurderer bemanningsevna til sentralane. Begge sentralane har også sagt at dei kan ta på seg funksjonen utan at dei vil be om ekstra ressursar til dette.

Dei viktigaste momenta som ligg til grunn for vurdering av dei to alternativa er:

- Kor mykje vekt ein skal leggje på **om AMK-LA funksjonen bør liggje på same stad som R-AMK**. I rapporten «Sentrale element med hensyn til organisering av AMK sentralene» var det tilrådd som ein nasjonal føring å plassere AMK-LA ved R-AMK, og at R-AMK bør organiserast i tilknytning til regionens universitetssjukehus. Dei andre RHF-a har lagt LA-funksjonen til regionsjukehusa med R-AMK funksjon.
- Kor mykje vekt ein skal legge på at **AMK-LA funksjonen bør liggje ved regionsjukehuset og traumesenteret i Helse Vest**. Nasjonal helse- og sjukehusplan peiker på regionsjukehuset som det sjukehuset som helseregionen har utpeikt som sitt hovudsjukehus, som har det største tilbodet av regionsfunksjonar og nasjonale behandlingstenester.
- Kor mykje ein skal vektlegge **innkomande helikoptertrafikk frå ulike basar**. I arbeidet med «Samhandling virtuell AMK i Helse Vest» blei det stadfesta at LA-koordinering er ei spesialisert oppgåve som bør samlast i eitt miljø. Vidare kom det innspel på at kommunikasjon bør følgje pasientstraumen, noko som i så fall inneber at LA-koordineringa bør leggjast til det føretaket som tek i mot flest helikoptertransportar. I Helse Vest er dette Helse Bergen.

### Tilråding frå prosjektgruppa

- Ei samla prosjektgruppe tilrår å sentralisera AMK-LA funksjonen til éin sentral i Helse Vest
- AMK Stavanger og AMK Bergen er begge kompetente nok, og godt nok rusta til å kunne inneha AMK-LA funksjonen
- Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Førde tilrår at AMK-LA funksjonen blir lagt til AMK i Helse Bergen
- Helse Stavanger og Luftambulansetjenesten HF tilrår at AMK-LA funksjonen blir lagt til regionens R-AMK sentral som er i Helse Stavanger
- Norsk Luftambulans AS og konserntillitsvalt er nøytrale i høve lokaliseringsspørsmålet

- Ei samla prosjektgruppe tilrår at det bli oppretta eit mottaksprosjekt for å gjennomføre ei forsvarleg overføring av funksjonen knytt til koordinering av luftambulansen og flight following til éin sentral i Helse Vest

### 3. Høyring

Rapporten har vore på høyring til dei fire helseføretaka (Førde, Bergen, Fonna, Stavanger) med utale til Helse Vest frå HF styra. Her ei oppsummering av høyringa og styrebehandlinga i helseføretaka.

Helse Bergen, Helse Førde og Helse Fonna tilrår at AMK-LA funksjonen blir lagt til AMK i Helse Bergen. Dette er fordi AMK-LA då vil liggje i regionsjukehuset, og vere tett knytt til traumesenteret i Helse Vest. Dette blir vekta tyngre enn samlokalisering med R-AMK funksjonen i Stavanger. Det blir lagt vekt på at nær samhandling mellom traumemiljøet og AMK-LA omkring undervisning, debriefing og evaluering vil sikre kvalitet. Det blir også lagt vekt på at Bergen har innkomande helikoptertrafikk frå alle basane, og dette gjev moglegheit for direkte kontakt mellom helikoptermannskap og LA-koordinatoren.

Helse Stavanger tilrår at AMK-LA funksjonen blir lagt til regionens R-AMK sentral som ligg i Stavanger. Dette fordi det vil vere i tråd med føringane i utredninga «*Sentrale elementer vedrørende organisering av AMK-sentralene*» (2016). Det blir også vist til at R-AMK-sentralen skal vere kontaktpunktet når andre AMK-sentralar har behov for ressursar ut over dei ressursane dei sjølv har koordineringsansvar for, både innanfor eigen region og mellom helseregionane. R-AMK sentralen vil bli varsla om dei store og mest alvorlege hendingane.

Helse Stavanger viser også til betydninga av det etablerte fag- og forskingsmiljøet innan sikkerheit og simulering i Stavangerregionen.

I det følgjande er styrevedtaka i helseføretaka referert:

#### **Styrevedtak i helseføretaka**

##### **Helse Førde**

Styret i Helse Førde handsama saka i styret den 25.01.2019, sak 007/2019.



Styret i Helse Førde HF gjorde følgjande vedtak (samrøystes):

1. *Styret i Helse Førde tilrår at AMK-LA-funksjonen vert utført frå ein AMK-sentral i Helse Vest.*
2. *Styret i Helse Førde tilrår at det vert gjennomført eit mottaksprosjekt som sikrar ein god prosess med å sentralisere funksjonen i tett samarbeid med alle involverte partar.*
3. *Styret i Helse Førde tilrår at funksjonen AMK-LA vert lagt til AMK-sentralen i Helse Bergen. Slik kan ein sikre best mogleg kvalitet i utøvinga av AMK-LA-funksjonen og hente gevinstar av at AMK-LA er tett knytt til andre kritiske beredskapsfunksjonar ved regionsjukehuset.*

### **Helse Bergen**

Styret i Helse Bergen handsama i styresak 118/18 A; Rapport Koordinering av luftambulansetenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest i styremøte den 19.12.2019. Styret i Helse Bergen HF gjorde følgjande vedtak:

1. *Styret i Helse Bergen tilrår at AMK-LA funksjonen blir lagt til AMK i Helse Bergen. Helse Vest vil med dette fortsette å utvikle Haukeland Universitetssjukehus som regionsjukehus i Helse Vest i tråd med det som er lagt til grunn i Nasjonal Helse og Sjukehusplan.*
2. *Styret i Helse Bergen vil understreke at rolla som koordinator av luftambulansetenesta må knyttast tett til rolla som regionsjukehus og rolla som regionalt traumesenter. På denne måten vil ein sikre ei god samling av kritiske beredskapsfunksjonar og tilhøyrande viktige funksjonar for eit regionalt traumesjukehus*
3. *Helse Bergen vil forplikte seg til å gjennomføre eit godt mottak av funksjonen knytt til koordinering av luftambulansen og flight following i Helse Vest gjennom etablering av eit mottaksprosjekt. Helse Bergen vil gjere sitt til å sikre eit godt samarbeid mellom alle involverte partar i å utvikle denne funksjonen vidare.*

### **Helse Fonna**

Styret i Helse Fonna HF behandla i styremøte 11.01.19 sak 4/19; Koordinering av luftambulansetenesta. Styret gjorde følgjande vedtak:

1. *Styret i Helse Fonna HF støttar at luftambulansenkoordinering blir lagt til éin AMK-sentral i Helse Vest.*
2. *Styret i Helse Fonna HF støttar at funksjonen blir lagt til Helse Bergen.*
3. *Styret i Helse Fonna HF ber om at arbeidet startar snarast mogleg.*

## Helse Stavanger

Styret i Helse Stavanger behandla høyringsuttale i styremøte 20. februar 2019 sak 11/19.

Følgjande blei vedtatt av styret i Helse Stavanger (mot 1 stemme):

1. *Styret i Helse Stavanger HF vedtar høyringsuttalelsen og anbefaler at AMK-LA funksjonen blir lagt til AMK i Helse Stavanger.*
2. *Styret i Helse Stavanger HF ber styret i Helse Vest om, i tråd med nasjonale føringer, å vektlegge hensynet til flysikkerhet når det gjelder organisering av AMK-LA, og betydningen av det etablerte fag- og forskningsmiljøene innen sikkerhet og simulering i Stavangerregionen.*
3. *Styret i Helse Stavanger HF understreker at det i tråd med føringene i Helse 2035 om å utnytte potensialet ved å ha to universitetssjukehus i regionen, er naturlig og hensiktsmessig å legge AMK-LA til Helse Stavanger, som allerede har regional AMK-funksjon (R-AMK).*

## Vurdering og tilråding

Helse Vest legg til grunn at ei sentralisering vil gje eit meir standardisert system og færre operatørar vil vere involvert, samstundes som desse vil få meir mengdetrening. Større oppdragshandtering vil gje betre kontinuitet i arbeidet med koordinering og flygeleing, og dermed også større flysikkerheit. Det er forventa at ei sentralisert og standardisert koordinering vil kunne gje ei meir effektiv styring av ressursane og betre fordeling av oppdrag. Betre kontinuerleg oversikt over beredskapssituasjonen og aktivitet knytt til denne, vil kunne redusere forseinking og dobbeltutkalling i grenseområda og dermed gje ei betre utnytting av dei samla helikopterressursane.

I utgangspunkt er det brei semje om semje om at Flight following bør samlast, og leggjast til éin AMK sentral ein plass i regionen. Helse Vest tek som utgangspunkt at AMK-LA funksjonen kan leggjast til AMK Bergen eller AMK Stavanger. Begge stader er det nok kompetanse og eit godt grunnlag for å ivareta funksjonen. Helse Vest har også som prinsipiell haldning at regionsfunksjonar kan leggjast ved andre sjukehus enn regionsjukehuset når det er fagleg grunnlag for det.

Det går fram av saka at den nye funksjonen AMK-LA bør sjåast i samheng med koordineringsfunksjonen i R-AMK. Denne ligg i Helse Stavanger, og er isolert sett eit argument for å legge AMK-LA til Helse Stavanger.

I dei andre regionale helseføretaka ligg både R-AMK funksjonen og AMK-LA funksjonen i regionssjukehusa som også har regional traumesenterfunksjon.

Helse Vest ser vidare at det kan ha betydning at LA- koordineringa bør leggjast til det føretaket som tek i mot flest helikoptertransportar. I Helse Vest er det Haukeland som tar imot flest helikoptertransportar og det einaste sjukehuset som tar imot helikopter frå alle basane i Helse Vest. Dette speglar storleiken til sjukehuset, og regionsjukehusfunksjonane.

Regionsjukehusrolla inklusive regionalt traumesenter, har vore sentralt i diskusjonen. Dette er av betydning, men kan ikkje isolert sett vere avgjerande. Ein kvar pasient som skal fraktast med luftambulansse til eit sjukehus, blir vurdert av legen på skadestaden og det blir tatt stilling til kva som er rett behandlingsstad. Ansvar for val av mottakande sjukehus ligg hos luftambulansselegen, og han/ho skal ta utgangspunkt i regionen si organisering av pasientfordeling, til dømes nasjonal/regional traumeplan. AMK-LA kan ikkje overstyre luftambulansselegen si avgjerd. Det er legen som har ansvaret for pasienten, og ber om kontakt eller dialog med traumebakvakt eller traumeteamleiar når dette er naudsynt for rådgjeving. Slik kontakt går direkte mellom LA-lege og lege i sjukehuset via samband under oppdrag. Det nære forholdet til traumesenteret som Helse Bergen har løfta fram, er ikkje vektlagt på same måten i dei andre regionane, så langt me har fått tilbakemelding om.

Det må også leggjast vekt på at eit fleirtal av helseføretaka i regionen; Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Førde tilrår at AMK-LA funksjonen blir lagt til AMK i Helse Bergen. Dei grunnjev sitt syn med at AMK-LA då vil liggje i regionsjukehuset, og vere tett knytt til traumesenteret i Helse Vest. Dette blir vekta tyngre enn samlokalisering med R-AMK funksjonen i Stavanger. Det er vidare lagt vekt på at nær samhandling mellom traumemiljøet og AMK-LA omkring undervisning, debriefing og evaluering vil sikre kvalitet. Dei legg også vekt på at Bergen har innkomande helikoptertrafikk frå alle basane, og dette gjev moglegheit for direkte kontakt mellom helikoptermannskap og LA-koordinatoren.

Helse 2035 peikar på at me skal fordele på dei regionale funksjonane dersom det er mogeleg ut frå ei samla vurdering. LA-koordinering og Flight following er eksempel på ein funksjon som kan liggja utanfor regionsjukehuset og som kunne vore lagt til Helse Stavanger.

Helse Vest tilrår etter ei samla vurdering å legge AMK-LA funksjonen til Helse Bergen. Hovudargumenta er at det er brei semje om at Flight following bør samlast og leggjast til éin AMK sentral, dei andre RHFa har lagt denne funksjonen til regionsjukehuset, samt at tre av våre helseføretak tilrår å legge AMK-LA til Helse Bergen.

Helse Vest vurderer det vidare slik at AMK-LA og R-AMK oppgåvene heng så nøye saman at dei ikkje bør skiljast. Det betyr at R-AMK funksjonen blir flytta til Helse Bergen.

Lokalisering av funksjonane AMK-LA og R-AMK til Helse Bergen medfører inga endring i pasientstraumar innan akuttbehandling i regionen.

Det er luftambulansen som har det medisinske ansvaret for pasienten og som avgjer kvar pasienten skal fraktast ut frå ei vurdering av behov for behandling. Dette er i tråd med gjeldande lovverk, herunder helsepersonellova. Dette er også i tråd med praksis i resten av landet, slik Helse Vest har forstått det.

Pasientstraumane innan traumebehandling skal årleg ha ein gjennomgang opp mot traumesystemet i regionen.

Det må opprettast eit mottaksprosjekt som har ansvar for å gjennomføre, følgje opp og kvalitetssikre prosessen rundt opprettinga av ein AMK-LA i Helse Vest. Hovudmålet med mottaksprosjektet er å gjennomføre ei forsvarleg overføring av funksjonen knytt til koordinering av Luftambulans og flight following til éin AMK-sentral i Helse Vest. Ein må sikre involvering av aktuelle AMK sentralar, LA-baser og operatør ved at desse blir invitert med inn i prosjektet.

Det må gjerast ein revisjon av gjeldande prosedyrar i forhold til flight following og koordinering av ambulanshelikopter i Helse Vest. Det kan i dette arbeidet vere nyttig å

trekkje veksler på dei allereie gjeldande prosedyrane ein har i Helse Vest, samt det arbeidet som er gjort både i Helse Sør-Øst, og i Helse Midt-Norge.

Dei fire LA-AMK sentralane i landet har behov for ei reserveløysing om eigen sentral blir sett ut av drift. Det er vurdert slik at det er nødvendig at reservefunksjonen bør ligge i ein annan LA-AMK sentral fordi dei funksjonane som ytes mot luftambulansetenesta er såpass spesialiserte at det er vanskeleg for ein «vanleg» AMK sentral å overta desse. Helse Vest tilrår at det blir etablert ei reserveløysing mellom AMK Oslo og AMK Vest. Helse Sør-Øst blir dermed bedt om å følge opp etableringa mellom AMK Oslo og AMK Bergen.

#### Vedlegg:

1. Rapport: Koordinering av luftambulanshelikoptertenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest.
2. Ros-analyse.
3. Oversikt over regionale funksjonar på Vestlandet.